

Rapport frå arbeidsgruppa for samordning av bacheloroppgåva

Samansetnad, mandat og arbeidsmetode

Samansetnad av arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa for samordning av bacheloroppgåva i ingeniørutdanningane ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, Høgskulen på Vestlandet, har bestått av følgjande medlemmar:

- Kristin Kvamme (leiar), Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag, Bergen
- Ørjan Fyllingen (instituttrepresentant), Institutt for byggfag, Bergen
- Carsten Helgesen (instituttrepresentant), Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag, Bergen
- Arjen Kraaijeveld (instituttrepresentant), Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag, Haugesund
- Joar Sande (instituttrepresentant), Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag, Førde
- Gloria Stenfelt (instituttrepresentant), Institutt for maskin- og marinfag, Bergen
- Jesper Krusell (studentrepresentant), Haugesund
- Daniel Faye Saure (studentrepresentant), Førde
- Randa Kalaji (studentrepresentant), Bergen
- Gro Sælemyr, (administrativ representant), Administrasjonen ved FIN, Bergen

Mandat for arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa er oppretta av Koordinerande utval for ingeniørutdanning (KUI) 21.06.2019. I følge mandatet skal arbeidsgruppa kartlegge dagens situasjon og kome med ei anbefaling for vidare samordning av emneplanane for emnet Bacheloroppgåve. I [Forskrift om rammeplan for ingeniørutdanning](#) § 3 er bacheloroppgåva kommentert slik: «En bacheloroppgave er obligatorisk for alle og skal inngå i teknisk spesialisering med minimum 20 studiepoeng. Oppgaven skal være forankret i reelle problemstillinger fra samfunns- og næringsliv eller forsknings- og utviklingsarbeid og bidra til innføring i vitenskapsteori og metode.» I bestillinga til arbeidsgruppa står det at målet med samordninga av emneplanane er å få

- eit likt krav til forkunnskapar som studentane må oppfylle for å kunne starte opp med ei bacheloroppgåve
- ei lik formulering av innhald, læringsutbytte, undervisnings- og læringsformer samt likt krav til omfang av bacheloroppgåva
- ein mest mogeleg felles tidsplan for gjennomføring av bacheloremna. Dette for å unngå praktiske hindringar for tverrgåande studentgrupper.
- ei god organisering av avslutninga av emnet, som EXPO.

Når det gjeld vurderingsform for bacheloremna, så må denne vere i tråd med [Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet](#). KUI ønskjer også at arbeidsgruppa skal sjå på dagens bruk av karakterskala ved FIN. I dag brukar fleire utdanningar ved FIN karakterskalaen Bestått / Ikkje bestått, medan andre utdanningar brukar gradert karakterskala med bokstavkarakter A–F i vurderinga av bacheloroppgaveemna i ingeniørutdanninga. Ei drøfting av dette punktet bør, om mogeleg, også vise til praksis ved andre utdanningsinstitusjonar.

Elles er det viktig at FIN fremmar opne ikkje-konfidensielle bacheloroppgåver sjølv når oppgåva blir utført i samarbeid med bedrifter. Vidare ønskjer KUI at arbeidsgruppa skal gi innspel på om FIN bør tilby bacheloroppgaveemne på 30 studiepoeng for innreisande studentar.

Samordna emneplanar skal vedtakast våren 2021 slik at seinast våren 2022 skal undervisninga skje i samsvar med desse. Arbeidsgruppa står fritt til å føreslå at mindre revideringar av emna kan bli iverksett tidlegare. Leiar av arbeidsgruppa skal presentere arbeidet med samordning av bacheloremne på eit møte i KUI i løpet av hausten. Etter at mandatet vart sendt ut vart denne datoen sett til 1. oktober 2019. Endeleg rapport frå arbeidsgruppa skal leverast til KUI innan 25. november 2019.

Arbeidsmetode

Det er blitt halde fire Skype-møter, kvar på 1 ½ time. Det første møtet var 10. september 2019. Alle deltok med unntak av Daniel Faye Saure og studentrepresentanten frå Bergen som ikkje var på plass til det første møtet. Det andre møtet vart gjennomført 1. oktober 2019 og alle deltok med unntak av Joar Sande. Arjen Kraaijeveld og Joar Sande kunne ikkje delta på det tredje møtet torsdag 17. oktober 2019. Daniel Faye Saure hadde tekniske problem, men fekk med seg det meste av møtet. Det fjerde og siste møtet vart halde 14. november 2019. Rune Hjelmeseter stilte for Gro Sælemyr, medan Daniel Faye Saure var forhindra frå å møte. Arjen Kraaijeveld var til stades berre i starten av møtet. Rapport er blitt skriva etter kvart møte med kommentarar til gjennomgåtte hovudpunkt i emneplanen for Bacheloroppgåve. Det er ikkje skriva nokon ny emneplan for bacheloremnet sidan det ikkje inngår i mandatet, men arbeidsgruppa har kome med forslag til tekst på enkelte punkt.

Noverande emneplanar

Noverande emneplanar for emnet Bacheloroppgåve ved ingeniørutdanningane i Bergen, Førde og Haugesund er gitt i vedlegg 1. Emneplanane for bacheloremnet ved utdanningane i Bergen vart samordna i 2015, så desse er ganske like i utforming og innhald. Unntaket er karakterskalaen der begge karakterskalaene, Bestått / Ikkje bestått og gradert skala med bokstavkarakter A–F, er i bruk i dag. Også emneplanane i utdanningane frå Haugesund er ganske så samordna. Alle brukar gradert karakterskala med bokstavkarakter A–F. Utdanningane i Førde har alle same kode på bacheloremnet med bruk av gradert karakterskala A–F. Arbeidet til arbeidsgruppa vil derfor hovudsakleg bestå i å ta utgangspunkt i ein emneplan frå kvar campus for så å samanlikne og samordne dei.

Innspel til felles emneplanar i emnet Bacheloroppgåve

Gjennomføring

Studentane ved dei fleste ingeniørutdanningane ved FIN startar opp arbeidet med bacheloroppgåva i den første ordinære undervisningsveka i januar og avsluttar med eksamen og plakatutstilling i midten av juni. Etter eksamen med sluttpresentasjon avsluttar utdanningane i Bergen bacheloremnet med eindagsarrangementet, EXPO. Dette er ei utstilling av alle bacheloroppgåvane ved FIN i form av plakatar og «stands» som er bemanna av studentar. Både i Førde og Haugesund blir det sett opp ubemanna plakatutstilling der plakatane blir hengt opp 3–4 dagar før eksamen med sluttpresentasjon. I Haugesund kallar dei denne dagen «Prosess- og sikkerheitsdagen». Studentane tar i tillegg eksamen i eitt emne i den ordinære eksamensperioden i mai/juni. Gruppeinndeling, prosessen med å skaffe problemstilling og tildeling av problemstilling skjer då i løpet av haustsemesteret. Unntaket er bygg- og dataingeniørutdanninga som har komprimert semester. Dette betyr at dei har eksamen i eitt eller fleire fag i veke 10, og startar opp for fullt arbeidet med bacheloroppgåva veka etter. Arbeidet blir avslutta til same tid som ved ei andre utdanningane. Desse to utdanningane ønskjer framleis å fortsetje med komprimert semester.

Dei fleste utdanningane i Bergen har undervisningssemester over to semester, med oppstart haust. Vurderingssemesteret er vår. Dataingeniørutdanningane har vår som både undervisnings- og vurderingssemester. Utdanningane i Førde har normalt undervisnings- og vurderingssemester om våren, men det kan også vere haust. Alle utdanningane i Haugesund har undervisningssemester over to semester, med oppstart haust. Det er òg høve til oppstart vår, med levering haust (haustprosjekt).

Det er kome innspel om at enkelte utdanningar/institutt ønskjer at det skal vere mogeleg for studentar å ta bacheloroppgåva ordinært i haustsemesteret i tillegg til vår. Arbeidsgruppa vart einige om at i emneplanane bør det stå at undervisningssemester går over to semester, med oppstart haust. Dette sidan informasjonsmøter og arbeidet med å skaffe problemstillingar til bacheloroppgåver skjer på hausten. Dette gjeld også utdanningar som har komprimert semester. Vurderingssemesteret bør vere vår. Hovudregelen må vere at bacheloroppgåva blir utført ordinært i vårsemesteret og derfor bør det stå i emneplanane. Dersom ønskjeleg kan utdanningar/institutt likevel la enkelte studentar ta bacheloroppgåva om hausten. Då må instituttet sørge for at desse studentane får gjennomført obligatoriske arbeidskrav som kurs i vitskapsteori og metode, samt ha eit opplegg for deltaking på plakatutstilling.

Når det gjeld arrangement for deltaking på plakatutstilling, til dømes EXPO i Bergen, så føreslår arbeidsgruppa at denne type arrangement blir flytta til overgangen mai/juni med eksamen minst 14 dagar etterpå. Sjå fleire kommentarar om dette under «Arbeidskrav.»

Bør FIN tilby bacheloroppgaveemne på 30 studiepoeng for innreisande studentar? Ja dette gjer det lettare å ta imot internasjonale studentar på vårsemesteret. Utdanningane ønskjer også å behalde dagens opplegg med 20 studiepoeng bacheloroppgaveemne pluss eit 10 studiepoengsemne undervist på engelsk, sjølv om dei fleste internasjonale studentane ikkje er på plass før 1. februar. Studentar som tar to ulike opplegg kan ikkje vere på same gruppe.

Innhald og oppbygning

Dette punktet kan samordnast ved å ta utgangspunkt i ein emneplan frå ei utdanning i Bergen og skrive inn aktuelle formuleringar frå emneplanane til utdanningane i Førde og Haugesund. I emneplanane frå Haugesund står det: «Oppgaven skal også ha tilknytning til aktuelle bedrifter eller offentlige etater i regionen.» I emneplanane frå Førde er «skal» bytta ut med «skal helst», medan i emneplanar frå Bergen står det at arbeidet «kan være et samarbeid med en bedrift eller en offentlig etat, eller den kan inngå i utdanningens satsing på forskning og utvikling.» Ingeniørutdanningane i Bergen har også interne bacheloroppgåver og vil gjerne fortsetje med det for å sikre at viktig utviklingsarbeid blir utført. Fleire institutt ved HVL i Bergen har gode laboratorier som er utstyrt med moderne, oppdatert instrumentering. Ved innkjøp av ny instrumentering er det spesielt aktuelt med interne bacheloroppgåver som fokuserer på utvikling av til dømes laboratorieøvingar som skal inngå i eit laboratoriekurs i eit emne. Bacheloroppgåver som er retta mot forskingsaktivitet ved utdanninga/instituttet er også aktuelle oppgåver. Desse har vanlegvis eksterne aktørar inne som samarbeidspartnarar, sjølv om det eksperimentelle arbeidet ofte blir utført ved instituttet. Det kan derfor ikkje stå i emneplanane at bacheloroppgåva skal vere knytta til eksterne bedrifter eller etatar.

I emneplanen frå Bergen står det at «Studentene får tildelt en faglig veileder.....» Her bør det presiserast i teksten at kvar studentgruppe får tildelt ein intern rettleiar frå instituttet og i tillegg ein ekstern rettleiar frå den eksterne bedrifta, dersom bacheloroppgåva er ei ekstern oppgåve. Dersom instituttet har tilstrekkeleg fagleg kompetanse kan det halde med ein ekstern kontaktperson.

Læringsutbytte

Teksten under kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse er ikkje så ulik mellom dei ulike campus. Her kan ein også ta utgangspunkt i teksten frå ei av ingeniørutdanningane frå Bergen og skrive inn gode formuleringar frå emneplanane til utdanningane i Førde og Haugesund. Teksten må vere så generell at han passar for alle ingeniørutdanningane. Det betyr at ein må unngå formuleringar som «kan formidle elektro-/bygg- og anleggsfagleg kunnskap...» som står i emneplanen frå Førde. I den same emneplanen står det også: «Har kunnskap om innovasjonsprosesser og entrepenørskap.» Dette kan ikkje stå i samordna emneplanar sidan det inngår i ING101 Teknologileiing, økonomi og nyskaping i Bergen.

Krav til forkunnskapar

Utdanningane i Bergen og Haugesund har i dag krav til forkunnskapar både etter 4. og 5. semester, medan utdanningane i Førde har krav til forkunnskapar etter 5. semester. Forkunnskapskravet ligg på 90 studiepoeng for kjemiingeniørutdanninga og 100 studiepoeng for dei andre. Forkunnskapskravet etter 5. semester ligg på 120 studiepoeng for utdanningane i Bergen og Førde, medan utdanningane i Haugesund har eit 140 studiepoengkrav i dispensasjonsordninga. Arbeidsgruppa bestemte seg for å føreslå eit krav til forkunnskapar etter både 4. og 5. semester:

«Ved tildeling av bacheloroppgåve etter 4. semester skal 100 studiepoeng, inkludert alle emne som inngår i første studieår og eventuelle fordjupingsfag som oppgåva bygger på,

vere bestått. Dersom tildeling av bacheloroppgåva blir gjort etter 5. semester aukar studiepoengkravet til 120 studiepoeng. Summen av oppmeldte emne (inkludert bacheloroppgåva) i leveringssemesteret av bacheloroppgåva skal ikkje overstige 40 studiepoeng. Etter gjennomført utdanningssamtale og søknad til studieprogramansvarleg kan dispensasjon frå forkunnskapskravet bli gitt.» I retningslinjene til institutta må det kome fram at dispensasjon skal søkast seinast 30 dagar før oppstart av bacheloroppgåva.

Det er behov for eit forkunnskapskrav etter 4. semester slik at gruppeinndeling og tildeling av bacheloroppgåver stort sett er på plass i god tid før 5. semester startar. Fleire i arbeidsgruppa meiner at det for tidleg å stoppe studentar etter 4. semester. Det kan vere problematisk for enkelte utdanningar å bruke eit forkunnskapskrav etter 4. semester fordi studentane då berre har tatt eitt, eller i verste fall ingen, fordjupingsfag. Det er derfor ønskeleg også med eit endeleg forkunnskapskrav etter 5. semester. For utdanningar med komprimert semester er det ingen problem med eit forkunnskapskrav etter det 5. semesteret. I Bergen blir kravet etter 5. semester praktisert å gjelde etter ny eksamen (kontinuasjoneksamen) som blir arrangert første veka i januar. Det betyr at enkeltstudentar som ventar på eksamensresultat startar opp med bacheloroppgåva i januar, og blir eventuelt tatt ut av emnet dersom forkunnskapskravet ikkje er oppfylt når eksamensresultata føreligg. I tillegg vil arbeidsgruppa ha inn eit krav som hindrar studentar i å melde seg opp i for mange emne det semesteret dei tar bacheloremnet, noko som er eit problem. Forslaget er maksimum 40 studiepoeng. Utdanningane i Haugesund har i dag eit slikt krav på 30 studiepoeng som blir brukt i samband med dispensasjonssøknader.

Utdanningane har forskjellig praksis når det gjeld kven som følgjer opp forkunnskapskrava og dispensasjonssøknader. I Haugesund handterer fakultetet desse sakene og det blir sjeldan gitt dispensasjon. I Førde og Bergen er det studieprogramansvarleg for utdanningane, eventuelt i lag med instituttleiar, som følgjer opp forkunnskapskrava og avgjer dispensasjonssøknadene. Her det vanleg å gi dispensasjon dersom studenten kan bli ferdig uteksaminert haustsemesteret etter. Studenten kan til dømes mangle eitt 1. klasseemne og/eller har 110 studiepoeng. Då er det heller ikkje behov for vurderingssemester på hausten. Ulempa er at ein kan få enkeltstudentar som har tatt bacheloroppgåva, men som ikkje klarar å fullføre bachelorgraden.

Studieadministrasjonen ønskjer at forkunnskapskrav skal handterast automatisk i FS og at det ikkje skal vere lov å søke om dispensasjon, sjå notat frå FIN administrasjon i vedlegg 2. Dette sikrar ei lik behandling av alle studentar på tvers av institutta. Utdanningane i Førde og Bergen meiner at bacheloremnet ikkje kan behandlast på same måte som andre emne i denne samanheng. Studentane utfører bacheloroppgåva i grupper, på ein måte som liknar arbeidet ute i ei bedrift. Det er svært viktig for studentane å få følgje kullet sitt. Erfaring viser at dersom dei ikkje gjer det så endar dei oftare opp med å utføre bacheloroppgåva aleine. Utdanningane har eit sterkt ønske om at studieprogramansvarleg handterer oppfølging av forkunnskapskrav og at studentar kan søke dispensasjon etter utdanningssamtale. Utdanningssamtalar med studentar som manglar studieprogresjon er kritisk viktig for å få dei igjennom studiet. Det bør derimot utarbeidast tydelege klagekriterier.

Utdanningane i Førde og Haugesund har også tilrådde forkunnskapar, noko som ikkje er nemnt i emneplanane frå utdanningane i Bergen. Arbeidsgruppa var litt delte i meiningane, men kom fram til at dette punktet er unødvendig.

Undervisnings- og læringsformer

I noverande emneplanar er det stor variasjon i detaljnivået på teksten i dette punktet. Ta utgangspunkt i formuleringane gitt i utdanningane frå Bergen. Eit forslag til tekst er:

«Undervisning og prosjektarbeid med rettleiing, der normalt 2–3 studentar arbeider saman i ei prosjektgruppe. Det kan unntaksvis kan tillatast grupper med fire deltakarar eller at ein student gjennomfører bacheloroppgåva aleine.

Det er forventa at alle studentane i gruppa deltar på rettleiingstimar. Gruppa/studenten skal delta på minimum 10 timar rettleiing der minimum fem statusmøter skal inngå. Midt i semesteret presenterer gruppa status for arbeidet så langt i ein midtvegspresentasjon.

Prosjektarbeid

Prosjektgruppa utarbeider ein prosjektplan i samarbeid med rettleiar og eventuell oppdragsgivar. Prosjektplanen inneheld problemformulering, gjennomførbarheitsanalyse (metodeval og ressursbehov), prosjektorganisering med framdriftsplan. Prosjektarbeidet vidare skjer gjennom innhenting av informasjon/spesifikasjon/konstruksjon/rekning/programmering osv. med basis i fagfeltet.

Medlemmer i gruppa fører jamleg ei prosjektdagbok som dokumenterer aktivitetane i prosjektet. Prosjektdagboka blir levert til rettleiar, som gir studentane tilbakemelding om fagleg innhald og nivå.»

Når det gjeld gruppestorleiken på studentgruppene vart arbeidsgruppa raskt einige om 2–3 studentar. Fire deltakarar er for mange i ei gruppe sidan det då er lett for at ikkje alle bidrar godt nok. Utdanningane prøver å unngå at ein student arbeider med bacheloroppgåva aleine. Det skjer likevel og gjeld oftast studentar som har brukt lenger tid på studiet. Dersom det blir tillate bør studenten inngå i ei forskingsgruppe eller i ei form for arbeidsgruppe internt eller ute i ei bedrift. Når det gjeld midtvegspresentasjon var ein av studentrepresentantane sterkt imot det sidan det tar tid.

I dagens emneplanar er det berre utdanningane i Bergen som har skrive inn tal timar med obligatorisk rettleiing for gruppa. Dette talet er på 10 eller 20 timar. Det var delte meiningar i arbeidsgruppa om dette talet skal vere minimum 10 eller 20 timar. For utdanningar som også har interne eksperimentelle bacheloroppgåvar, er det svært ønskjeleg at det skal stå minimum 20 timar rettleiing. Instituttrepresentantar frå andre utdanningar med hovudsakleg eksterne bacheloroppgåver var tydelege på at minimum 10 timar er tilstrekkeleg. Arbeidsgruppa vil gjerne også inkludere statusmøter. Dersom emneplanane skal vere samordna med omsyn på dette punktet blir teksten som gitt i forslaget over.

Det vart kommentert at registrering av timar bør skje individuelt i individuell eller gruppevis prosjektdagbok eller blogg. Studentane i Førde brukar Proresult til timeregistrering.

Arbeidskrav

Når det gjeld arbeidskrava varierer det frå utdanning til utdanning kva arbeidskrav som er individuelle og kva krav som gjeld gruppa. Arbeidsgruppa føreslår derfor at inndelinga i individuelle og gruppevise arbeidskrav blir fjerna. Ei ny arbeidsgruppe, eventuelt kvar utdanning, får avgjere kva arbeidskrav som skal gjennomførast individuelt og gruppevis. I emneplanen kan det til dømes stå slik:

«Studenten skal

- gjennomføre kurs i vitskapsteori og metode
- levere inn forprosjektrapport med prosjektplan
- levere inn eit refleksjonsnotat med sjølvrefleksjon over eigen utvikling
- delta på plakattutstilling, eksempelvis EXPO eller anna type utstilling, med plakat og eventuelt produkt.

Alle arbeidskrav skal fullførast til gitte fristar. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i påfølgjande semester.»

Bacheloroppgåve og sluttpresentasjon er blitt sletta frå arbeidskrava sidan dei inngår i vurderinga. Deltaking på rettleiingsstimer, skriftleg prosjektdagbok og midtvegspresentasjon er blitt flytta til **Undervisnings- og læringsformer** og er dermed ikkje arbeidskrav. Det er likevel ei forventning om at dette også skal gjennomførast. Studieadministrasjonen meiner dagens emneplanar har alt for mange arbeidskrav som er vanskelege å følgje opp.

Arbeidsgruppa ønskjer ikkje å svekke arrangement som EXPO-utstillinga i Bergen. Derfor er deltaking på plakattutstilling framleis med som arbeidskrav. Sidan dette er eit arbeidskrav som skal vere utført og godkjent 14 dagar før eksamensdato, føreslår arbeidsgruppa at denne type arrangement blir flytta frå midten av juni til overgangen mai/juni. Då er det mogeleg å få med 1. og 2. klassestudentar på arrangementet også. Eksamenskontoret bør då ikkje sette opp eksamenar på datoen for plakattutstillinga. Det må diskuterast nærmare om deltaking på plakattutstilling skal bety at plakatane skal vere bemanna ved alle campus, og om dette er eit arbeidskrav som er mogeleg å følgje opp.

Korleis følgjer utdanningane/institutta opp kravet i rammeplanen om kompetanse innan vitskapsteori og metode i samband med bacheloremnet?

Dette varierer. Fleire utdanningar i Bergen, men ikkje alle, har ca. 2 studiepoeng med undervisning i vitskapsteori og metode. Andre har nokre få timar gitt av biblioteket.

Utdanningane i Haugesund og Førde ikkje har denne type undervisning i samband med bacheloremnet, men alle (også utdanningane i Bergen) er innom dette tidlegare i studiet, vanlegvis i innføringsemnet. Utdanningane i Førde har noko vitskapsteori og metode i

innføringsemnet, og mykje meir i systememnet. Nokre utdanningar har obligatoriske innleveringar i tillegg til forprosjektrapport, andre har ikkje det. Utdanningane/institutta kan avgjere om dei vil fortsetje med innleveringar i metodekurset, men det beste er eit opplegg som er likt for alle. Det vart kommentert viktigheita av å fokusere på vitskapsteori og metode også i bacheloremnet, sidan studentane kan knytte undervisninga direkte opp mot si eiga problemstilling i bacheloroppgåva. Studentane sjølve skjønar ikkje heilt poenget med denne type undervisning i bacheloremnet og meiner det kjem for seint. Arbeidsgruppa anbefalar at undervisninga i vitskapsteori og metode i bacheloremnet bør vere felles for alle ingeniørutdanningane. Korleis dette arbeidskravet skal gjennomførast må presiserast i endelege emneplanar.

Vurderingsform

Utdanningane i Bergen har i dag deleksamen med vurderingsmappe (bacheloroppgåve og eventuelt produkt samt plakat) og munnleg eksamen med sluttpresentasjon. Karakteren for vurderingsmappa blir sett felles for gruppa, medan karakteren for munnleg eksamen blir sett individuelt. Berre byggingeniør har bokstavkarakter. Vurderingsmappa utgjer der 70 % av endeleg karakter og munnleg eksamen utgjer 30 % av endeleg karakter. Utdanningane i Førde har vurdering av bacheloroppgåve, plakat og eventuelt produkt med justerande munnleg eksamen (sluttpresentasjon og utspørjing). Gruppa får felles bokstavkarakter på bacheloroppgåva og munnleg eksamen kan gi individuell justering av karakteren med ein karakter opp eller ned. Utdanningane i Haugesund har vurdering av bacheloroppgåve og munnleg presentasjon/eksaminasjon. Gruppa får ein felles, samla bokstavkarakter.

Arbeidsgruppa har valt å gi forslag til tekst både ved bruk karakterskalaen A–F og ved bruk av karakterskalaen Bestått / Ikkje bestått. Dette sidan det er delte meiningar om dette i arbeidsgruppa og i dei ulike utdanningane.

Forslag til tekst ved bruk av gradert karakterskala A–F:

«Bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Karakterskalaen er A–F.

Bacheloroppgåva består av innlevert sluttrapport og plakat samt eit eventuelt produkt. Denne delen tel 70 % av endeleg karakter. Karakteren blir sett felles for gruppa.

Munnleg eksamen består av sluttpresentasjon av prosjektet og utspørjing. Denne delen tel 30 % av endeleg karakter. Karakteren blir sett individuelt.

Ein student eller ei gruppe som har fått vurdert bacheloroppgåva si til ikkje bestått, kan levere ein forbetra versjon til sensur i løpet av påfølgjande semester. Det er berre mogeleg å levere forbetra versjon ein gong (§11-19 i Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet).»

Forslag til tekst ved bruk av karakterskalaen Bestått / Ikkje bestått:

«Bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Karakterskalaen er Bestått / Ikkje bestått.

Bacheloroppgåva består av innlevert sluttrapport og plakat samt eit eventuelt produkt. Karakteren blir sett felles for gruppa.

Munnleg eksamen består av sluttpresentasjon av prosjektet og utspørjing. Karakteren blir sett individuelt.

Ein student eller ei gruppe som har fått vurdert bacheloroppgåva si til ikkje bestått, kan levere ein forbetra versjon til sensur i løpet av påfølgjande semester. Det er berre mogeleg å levere forbetra versjon ein gong (§11-19 i Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet).»

Arbeidsgruppa valte å gå vekk frå vurderingsforma bacheloroppgåve med justerande munnleg eksamen sidan denne vurderingsforma er gruppebasert. Justerande munnleg eksamen baserer seg på bacheloroppgåva, som er eit gruppeprodukt, og kan dermed ikkje vurderast individuelt. I følgje [nasjonale retningslinjer for ingeniørutdanning](#) (s. 44) skal minimum ein del av vurderinga vere individuell.

Alle utdanningar/institutt bør få på plass egne retningslinjer. Ikkje alle har det i dag. Arbeidsgruppa meiner omfanget av bacheloroppgåva bør flyttast frå emneplanen til retningslinjene. For utdanningane i Bergen står det i dag at omfanget blir fastsett i samråd med rettleiar og er normalt 20–50 sider. Unntaket er byggingeniør som har eit omfang på maksimalt 80 sider. Ei bacheloroppgåve på 20 sider er lite. I retningslinjene kan det stå: «Omfanget av bacheloroppgåva blir sett i samråd med rettleiar og er normalt 30–50 sider (ekskludert vedlegg).» [Vurderingskriterier](#) (sjå s. 44 i lenka) bør også med i retningslinjene.

Når det gjeld innleveringsfrist kan det stå: «Innleveringsfrist for bacheloroppgåve og plakat er normalt 14 dagar før munnleg eksamen og skal ikkje vere seinare enn ei veke før eksamen. Innleveringsfrist blir oppgitt på Studentweb og digitalt eksamenssystem.»

Følgjande informasjon om den munnlege eksamen kan skrivast inn i ei sensorrettleiing: «Den munnlege eksamen med sluttpresentasjon skal haldast etter at det skriftlege arbeidet er levert. Munnleg eksamen skal ha fokus på metodeforståinga til gruppa og den enkelte student. Vidare skal det fokuserast på metodeval i arbeidsprosessen så vel som det endelege resultatet i form av bacheloroppgåva og eit eventuelt produkt.»

Vedlegg 3 tabell 1–5 og figur 1–5 viser statistikk tatt frå Tableau over karakterfordelinga for bacheloremne ved FIN (HVL) som brukar karakterskalaen A–F. Dette gjeld bacheloremna ING3037, ING3038, ING3039, HO2-300 og BYG150. Statistikken viser at for perioden 2015–2019 vart karakteren B gitt oftast og karakteren A vart gitt oftare enn karakteren C. I emnet BYG150 fekk også flest karakteren B i den same perioden, men karakteren C (27,41 %) vart gitt oftare enn karakteren A (14,81 %). Karakteren F er sjeldan sidan studentar som står i fare for å få ein F trekk seg før vurderinga. Det verkar som at karaktersetjinga bør bli strengare.

Når det gjeld klagesaker vart det for BYG150 registrert 19 klager av 533 bacheloroppgåver/studentar i perioden 2015–2019. Klager skal leverast personleg frå kvart medlem i ei gruppe. For HO2-300 vart det levert inn ein klage i same periode, medan det ikkje er registrert klager i FS for emna ING3037, ING3038 og ING3039 i perioden 2015–2019.

For bacheloremna som brukar karakterskalaen Bestått / Ikkje bestått får vanlegvis alle karakteren Bestått. Dette sidan kandidatar i faresona for karakteren Ikkje bestått som oftast har trekt seg før vurderinga. Av dette følgjer det at det er få eller ingen klagesaker.

Kommentarar til karakterskalaen Bestått / Ikkje bestått

Kvifor gå vekk frå karakterskalaen Bestått / Ikkje bestått dersom utdanningane ikkje får føringar om å gjere det?

Erfaring viser at uansett karakterskala så er studentane interessert i å gjere eit godt inntrykk, spesielt dersom dei har eksterne bacheloroppgåver.

Grupper kan få ulik rettleiing noko som kan påverke sluttresultatet.

Bacheloroppgåva er eit prosjektarbeid der studentgruppene jobbar slik som i ei bedrift. Emnet er ikkje eit eksamensfag, og kan då med fordel ha ein Bestått / Ikkje bestått karakterskala.

